



Å steika fisk, pølser og brød på bålet var populært. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fjellandsbø befesta søndag ryet sitt som valfartsstad for friluftsliv- og naturglade uskedingar og andre. Det møtte fram 250 då Kvinnherad Turlag lokka med aktivitetar av alle slag og leiar Anne Kari Enes var naturleg nok svært godt fornøgd.**

50 av dei 250 deltok i indianerleiren som kom i gang i regi av Barnas Turlag allereie laurdag ettermiddag og som også vart ein suksess. Då det var ein tilsvarande friluftsdag for to år sidan kom det 200. Men då var det ikkje indianerleir, det var speidarleir.

"Indianerane" budde i fem store lavoar og alt gjekk smertefritt føre seg. Foreldra var begeistra over kor fint alt var lagt til rette og ynskjer seg eit liknande opplegg eit anna år. Her var det ikkje noko daudtid, leirprogrammet var fylt med aktivitetar frå ende til annan.



Turlagleiar Anne Kari Enes var naturleg nok svært fornøgd over frammøtet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag heldt det fram i same stilen. Tåka hang tett nedover fjellssidene, man la slett ikkje nokon dempar på arrangementet då temperaturen var lagleg og det knapt var eitt vindpust.

Det mest spektakulære på programmet var ein tyrolartravers som var monterert nedanfor tunet på Fjellandsbø. Steinar Haugland med hjelparar sendte dei unge på luftferd og aktiviteten var populær.

Av namnet framgår at den er utvikla i alpetraktar, men den skil seg ikkje så veldig frå noko som eldre nordmenn i bratte bakkar kjenner godt til: Løypestrengen!

Dei som ville prøve seg som klatrarar fekk kyndig instruksjon av fjellsportsgruppa oppe i Leiteshaugane eit kvarters marsj frå Fjellandsbø, då det vart litt for strevsamt å halda instruksjonen oppe i Nåso-veggen. Det var heller ikkje noko å stå etter med tanke på tryggleiken.



Tåka låg nesten ned til Fjellandsbøvatnet, men det la ikkje nokon dempar på arrangementet. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Ståle Schille, Johnny Sele og Tor Sævareid frå Sportsfiskaren Kvinnherad gjorde ein stor PR-innsats under friluftsdagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nytt av året var ridetilbodet og det var det familien Kristoffersen på Musland som tok seg av i den nye ridebana. Dei hadde rundt rekna 20 "kundar" i dei tre timane programmet gjekk føre seg.



Familien Kristoffersen tok seg godt av dei unge ryttarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fisking frå kano gav ikkje det store utbyttet, men dei tre karane frå Sportsfiskaren Kvinnherad som hadde stand i området fekk i hvert fall nokre pinnar til "PR-steiking" saman med aure frå Oppsangervatnet og aure og røye frå Nesjastølvatnet i Blådalen.

Den no 17 år gamle klubben, som har medlemmer også i Uskedalen, har gjort ein stor jobb for å få opp storleiken på fisken i det to sistnemde vatna ved å ta ut to tonn frå kvart av dei.

Utfiskinga i Nesjastølvatnet har så langt auka snittstorleiken på fisken frå 50 til 100 gram. I tillegg er klubben særst fornøgd med at SKL har bekosta ei fiskerbu der som er open heile året.

Noko tilsvarande med omsyn til fiskestorleiken har dei ikkje fått til i Oppsangervatnet, der snittstorleiken er stabil på rundt 115 gram.

Sportsfiskaren Kvinnherad driv intens PR for si verksemd og er alltid med på dette og liknande arrangement.

- Kvifor arrangera sin slik friluftsdag, spurde uskedalen.no Anne Kari Enes.

- Det er ein viktig målsetjing å gjera både unge og eldre interesserte i ymse friluftaktivitetar som ledd i det som ein kan kalle eit enkelt friluftsliv. Ikkje minst viktig er det at barnefamiljar blir aktivisert og kan vera saman ein slik dag. Det vil inspirera dei til å gjenta eksperimentet!

Av Ola Matti Mathisen





Steinar Haugland gjer Karoline Isdal Amundsen klar for ei frisk luftferd. (Foto: Ola Matti Mathisen)